

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for opplæring og kompetanse
Møtestad:	Fjernmøte/video
Dato:	03.11.2020
Tid:	09:00-14:20

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karianne Torvanger	Leiar	A
Åsmund Berthelsen	Nestleiar	SV
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Nina Bognøy	Medlem	A
John Andre Kongsvik	Medlem	H frå kl. 9.30
Svein Halleraker	Medlem	H
Sonja Øvre-Flo	Medlem	H
Jeanette Syversen	Medlem	R
Nils Haugland	Medlem	FNB
Rosalind Fosse	Medlem	FrP
Pauline Tomren	Medlem	MDG
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	KrF

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Gadolin	Medlem	A

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Katrine Helland Johannessen	Emil Gadolin	A

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Bekka Skaasheim	Assisterande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Birthe Andersen Haugen	Seksjonssjef, stab, opplæring og kompetanse
Susan Husabø	Seniorrådgjevar, avd. kompetanse, opplæring og kompetanse
Odd Bjarne Berland,	Områdeleiar, opplæring og kompetanse
Merethe Helland Nordnæs	Spesialrådgjevar, møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 20/20	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 21/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 13.10.2020	2019/130	
	Referatsaker		
RS 32/20	Jobbsjansen-grunnskuleopplæring for minoritetsspråklege	2020/41557	
RS 33/20	Pilotprosjektet Bømlo løypemelding 2020	2020/73656	
RS 34/20	Regionreforma - Oppgåve- og ressursoverføringar til Vestland fylkeskommune.pdf	2020/75170	
	Politiske saker		
PS 53/20	Busetjing av flyktningar i 2020 og 2021	2020/52326	
PS 54/20	Lokal forskrift om inntak og formidling, justering av nærskulematrise	2020/12	
PS 55/20	Høyring - Framlegg til endringar i lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskuleforskrifta)	2020/40803	
PS 56/20	Fagbrev på jobb- Kompetansepoltiske tiltak - finansiering og prioritering jf. vedtak i FUV sak 45/20, 26.03	2020/41026	
PS 57/20	Vidareutvikling av samarbeid mellom vidaregåande opplæring, næringsliv og kommunar (VP11 og VP21)	2020/73823	
PS 58/20	Sluttrapport for samarbeidsprosjektet i Nordhordland	2020/73827	

Godkjenningssaker

GK 20/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 03.11.2020

Vedtak

Møteinnkalling og saklista vart godkjent utan merknader.

Skulebesøk kl. 09:15-10:15:

Laksevåg og Bergen Maritime vidaregåande skule, deltok digitalt frå Laksevåg skule.

Orienteringar i møtet:

-Orientering om samarbeidsprosjektet i Nordhordland og pilotprosjektet Bømlo ved seniorrådgjevar Øyvind Oddekalv, opplæring og kompetanse.

-Grunnlag for sak om opplæringstilbodet for skuleåret 2021-22 ved seniorrådgjevar Susan K. Husabø og seniorrådgjevar Tor Ivar Sagen Sandvik, opplæring og kompetanse.

-Visma in School ved seniorrådgjevar Siren Lønningen Omdahl, seniorrådgjevar opplæring og kompetanse.

-Orientering om Område 2 Sentrum Vest, ved områdeleiar Odd Bjarne Berland, opplæring og kompetanse.

Spørsmål frå representanten John Andre Kongsvik, H:

1. Produksjonsskolen/avd. Ulvik i Hardanger:

Hvor mange elever går der per dags dato?

Hvor mange elever har vært innom der siste året?

Hvordan er både helårseffekt og halvårseffekt ved en avvikling av avdelingen?

2. Har fylkeskommunen skolebygg eller andre eiendommer som per i dag ikke er i drift/tjeneste?

3. I tidligere utvalgsmøter har vi fått beskjed at antall psykolog stillinger ikke er fylt opp. Hva er status vedr ansettelse?

4. Hvor mange helsesykepleiere er det per elev i Vestland?

5. Kantinedrift på de videregående skolene i Vestland:

Er alle kantinene drevet av skolene selv, eller er det eksterne aktører innen noen steder?

Foreligger det noen subsidier knyttet til kantinedriften for å senke prisen?

Spørsmåla vart stilt munnleg i møtet. Spørsmåla vart svara ut munnleg i møtet av fylkesdirektør for opplæring og kompetanse.

GK 21/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 13.10.2020

Møtebok frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 13.10.2020 er lagt ved saka.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 03.11.2020

Åsmund Berthelsen, SV:

«Framlegg til GK 18/20 Setningen «Det vart lita tid til å setje seg inn i saka» vert stroken.

Framlegg til PS 48/20 Plan for kompetanseutvikling Setning side 10 «Hovudutvalet for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes å trekke saka frå saklista» vert stroken. Ny setning: Fylkesdirektøren opplyste at saka vart trekt.»

Vedtak

Møteboka frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 13.10.2020 var godkjent med merknadane ovanfor.

Referatsaker

RS 32/20 Jobbsjansen-grunnskuleopplæring for minoritetsspråklege

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 03.11.2020

RS 32/20 vart referert.

RS 33/20 Pilotprosjektet Bømlo løypemelding 2020

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 03.11.2020

RS 33/20 vart referert.

RS 34/20 Regionreforma - Oppgåve- og ressursoverføringer til Vestland fylkeskommune.pdf

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 03.11.2020

RS 34/20 vart referert.

Politiske saker

PS 53/20 Busetjing av flyktingar i 2020 og 2021

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek orientering om arbeidet med busetjing i Vestland til vitande.
2. Fylkesutvalet ønskjer å følgje arbeidet med busetjing i kommunane, og ber om å bli orientert om situasjonen på nyåret 2021.
3. Fylkesutvalet vil på eit seinare tidspunkt vurdere innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing i kommunane. Dette skal vere basert på regionalt samarbeid og dialog med kommunane og god kunnskap om utviklinga i fylket.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 03.11.2020

Pauline Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, A, SV og KrF fra slikt tilleggsforslag:

«Nytt punkt 4: Koronapandemien må ikkje sette stopper for busetting av flyktingar:

Hovudutval for opplæring og kompetanse meiner at ein ikkje skal la koronapandemien sette stopper for busettinga av flyktingar dei neste åra. Vi meiner også at talet på busetting av flyktingar i Noreg skal aukast dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett ferre flyktingar enn det som var planlagt før den nedjustere anmodinga for 2020.»

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Nytt punkt 4. Fylkeskommunen må kvalitet sikre at bosetting skjer som en del av en større plan for kompetansekartlegging slik at en sikrer gode fagmiljø, kvalifiseringstilbud og mentorordninger for denne gruppen og den enkeltes behov, i hele fylket.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Tomren sitt forslag fekk 8 røyster (MDG, A, SV, R og KrF) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Syversen sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet tek orientering om arbeidet med busetjing i Vestland til vitande.
2. Fylkesutvalet ønskjer å følgje arbeidet med busetjing i kommunane, og ber om å bli orientert om situasjonen på nyåret 2021.
3. Fylkesutvalet vil på eit seinare tidspunkt vurdere innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing i kommunane. Dette skal vere basert på regionalt samarbeid og dialog med kommunane og god kunnskap om utviklinga i fylket.
4. Hovudutval for opplæring og kompetanse meiner at ein ikkje skal la koronapandemien sette stopper for busettinga av flyktingar dei neste åra. Vi meiner også at talet på busetting av flyktingar i Noreg skal aukast dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett ferre flyktingar enn det som var planlagt før den nedjustere anmodinga for 2020.»

PS 54/20 Lokal forskrift om inntak og formidling, justering av nærskulematrise

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget sitt vedtak i PS-sak 107/2020, Lokal forskrift om inntak og formidling, vedlegg 2 nærskulematrise, datert 19.08.2020, blir justert med slike tillegg:

- a) Søkarar frå Tysnes kommune får nærskulepoeng også til skulane i Bjørnafjorden kommune (Os gymnas, Os vgs og Fusa vgs)
- b) Søkarar frå del av Kvinnherad kommune som ligg på nordsida av Kvinnheradsfjorden, postnummer 5637 Ølve og 5635 Hatlestrand, får nærskulepoeng også til Fusa vgs
- c) Søkarar frå Etne kommune med postnummer 5596 Markhus og 5598 Fjæra, får nærskulepoeng også til Odda vgs.
- d) Søkarar frå Gloppen kommune med postnummer 6826 Byrkjelo og 6827 Breim får nærskulepoeng også til Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs.
- e) Søkarar frå Sunnfjord kommune, postnummer 6843 Skei i Jølster, får nærskulepoeng også til Firda vgs.
- f) Søkarar frå Askvoll kommune med postnummer 6983 Kvammen får nærskulepoeng også til dei vidaregåande skulane i Førde

Ny nærskulematrise er datert 12.10.2020

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 03.11.2020

Tillegg til saka, vart sendt utvalsmedlemmane den 01.11.2020, i samråd med utvalsleiar.

Rasmus Laupsa Rasmussen, A, sette på vegner av A, MDG, SP, SV og KrF fram slikt tilleggsforslag:

«Søkere frå Gloppen kommune med postnummer 6829 og 6831 får nærskulepoeng også til Flora vgs.»

Avrøysting

Forslag til vedtak, med tillegg, vart samrøystes vedteke.

Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget sitt vedtak i PS-sak 107/2020, Lokal forskrift om inntak og formidling, vedlegg 2 nærskulematrise, datert 19.08.2020, blir justert med slike tillegg:

- a) Søkarar frå Tysnes kommune får nærskulepoeng også til skulane i Bjørnafjorden kommune (Os gymnas, Os vgs og Fusa vgs)
- b) Søkarar frå del av Kvinnherad kommune som ligg på nordsida av Kvinnheradsfjorden, postnummer 5637 Ølve og 5635 Hatlestrand, får nærskulepoeng også til Fusa vgs
- c) Søkarar frå Etne kommune med postnummer 5596 Markhus og 5598 Fjæra, får nærskulepoeng også til Odda vgs.
- d) Søkarar frå Gloppen kommune med postnummer 6826 Byrkjelo og 6827 Breim får nærskulepoeng også til Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs.
- e) Søkarar frå Sunnfjord kommune, postnummer 6843 Skei i Jølster, får nærskulepoeng også til Firda vgs.
- f) Søkarar frå Askvoll kommune med postnummer 6983 Kvammen får nærskulepoeng også til dei vidaregåande skulane i Førde

Ny nærskulematrise er datert 12.10.2020

Tillegg til tilrådinga

Endra punkt b)

- b) Søkarar frå del av Kvinnherad kommune som ligg på nordsida av Kvinnheradsfjorden, postnummer 5637 Ølve og 5635 Hatlestrand, får nærskulepoeng også til Fusa vgs og Kvam vgs.

- g) Søkarar frå postnummer 5962 og 5965 Bjordal i Høyanger kommune får nærskulepoeng også til Knarvik vgs.
- h) Søkarar frå postnummer 6971 og 6973 Sande i Sunnfjord og postnummer 6976 og 6977 Bygstad også får nærskulepoeng til Dale vgs.
- i) Søkarar frå Kinn sør får nærskulepoeng også til Måløy vgs og søkarar frå Kinn nord får nærskulepoeng også til Flora vgs.

Etter saka var ferdig har det kome fleire innspel til justeringar av nærskulematrisa. Tre av innspela er med ønske om betre tilpassing til geografi og reiseavstand. I tillegg har formannskapet i Kinn kommune vedteke å be hovudutval for opplæring og kompetanse om å endre matrisa, slik at alle søkarar frå kommunen får nærskulepoeng til begge dei vidaregåande skulane i kommunen.

Fylkesdirektøren si vurdering av innspela:

Bjordal er del av Høyanger kommune. Bjordal ligg på sørsida av Sognefjorden, medan resten av kommunen ligg på nordsida. Søkarane frå Bjordal må uansett bu på hybel for å gå på vidaregåande skule. Foreldreutvalet ved skulen har gjort fylkesdirektøren merksam på at reisetida til Knarvik vgs er litt kortare enn reisetida til Høyanger vgs, og førstnemnde er ferjefri. Det er 4 avgangselevar ved Bjordal skule våren 2021. Fylkesdirektøren rår til elevane Bjordal skule også får nærskulepoeng til Knarvik vgs.

For ein del søkarar frå Bygstad og Sande i Sunnfjord kommune (nærskuleområde 7) er avstand og reisetid kortare til Dale vgs i nærskuleområde 6 HAFS, enn til skulane i eige nærskuleområde. Fylkesdirektøren rår difor til at søkarar frå postnummer 6971 og 6973 Sande i Sunnfjord og postnummer 6976 og 6977 Bygstad også får nærskulepoeng til Dale vgs.

I tilrådinga punkt b) er det framlegg om at søkarar frå postnummer 5635 Hatlestrand og 5637 Ølve også får nærskulepoeng til Fusa. I ettertid har det kome fram at også Kvam vgs er innafør akseptabel reiseavstand for desse søkarane, og fylkesdirektøren ønsker å utvide tilrådinga i punkt b) til også å gjelde Kvam vgs.

Fylkesdirektøren rår til at nærskulematrisa vert endra slik at søkarane frå Kinn kommune får nærskulepoeng både til Flora og Måløy vidaregåande skular

Søkere frå Gloppen kommune med postnummer 6829 og 6831 får nærskulepoeng også til Flora vgs.

PS 55/20 Høyring - Framlegg til endringar i lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskuleforskrifta)

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar forslag til endringar i lov om høgare yrkesfagleg utdanning og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning, - med dei tilrådingane som går fram av saksframlegget.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 03.11.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesutvalet støttar forslag til endringar i lov om høgare yrkesfagleg utdanning og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning, - med dei tilrådingane som går fram av saksframlegget.

PS 56/20 Fagbrev på jobb- Kompetansepolitiske tiltak - finansiering og prioritering jf. vedtak i FUV sak 45/20, 26.03

Forslag til innstilling:

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding.

2. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei ny sak viss dei økonomiske føresetnadene som er lagt til grunn for saka skulle endre seg vesentleg.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 29.10.2020

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei ny sak viss dei økonomiske føresetnadene som er lagt til grunn for saka skulle endre seg vesentleg.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 03.11.2020

Aleksander Fosse Andersen, SP, sette på vener av SP, A, MDG, SV og KrF fram slikt forslag:

«1.Hovudutval for opplæring og kompetanse er positiv til ordninga med fagbrev på jobb. «Fagbrev på jobb» er eit viktig verkemiddel i den regionale kompetansepolitikken for å sikre regionalt arbeidsliv betre tilgang på kompetent, kvalifisert og relevant arbeidskraft. Ordninga er òg viktig i integreringsarbeidet i Vestland.

2. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om ei ny sak som svarer ut vedtaket i Fylkesutvalet 26.03.2020 om drøfting med partane i arbeidslivet. Konsekvensen av å auke tilbodet med « Fagbrev på jobb innanfor dei gjeldande budsjetttrammene må synleggjerast og ulike alternativ må drøftast.

3. I 2020 har Vestland fylkeskommune sett av monalege midlar til ordninga «Fagbrev på Jobb»: først 10MNOK innanfor ramma i PS 45/20 (fylkesutvalet 23.03.2020) og mellom 10 og 15MNOK i PS 88/20 (fylkesutvalet 28.05.2020). Statsbudsjettet legg også opp til ei ekstraordinær løyving på 4-5MNOK til ordninga i 2021. På tross av dette er Fagbrev på jobb omtalt som ei av årsakene til meirforbruket og salderingsbehovet i sektoren i 2020, jf. HU OPPKO Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20. Hovedutval for opplæring og kompetanse ber fylkesrådmannen gjere greie for totalforbruket og dei totale løyvingane knytt til «Fagbrev i jobb» i budsjettet for 2020 i eige notat til møtet i fylkesutvalet 26.11.2020. Dette inkluderer kostnader for løpande kontraktar inngått i 2019 og tidligare, samt forventa kostnader for allereie inngåtte kontraktar i 2021 og 2022.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk inga røyster og fall.

Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1.Hovudutval for opplæring og kompetanse er positiv til ordninga med fagbrev på jobb. «Fagbrev på jobb» er eit viktig verkemiddel i den regionale kompetansepolitikken for å sikre regionalt arbeidsliv betre tilgang på kompetent, kvalifisert og relevant arbeidskraft. Ordninga er òg viktig i integreringsarbeidet i Vestland.

2. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om ei ny sak som svarer ut vedtaket i Fylkesutvalet 26.03.2020 om drøfting med partane i arbeidslivet. Konsekvensen av å auke tilbodet med « Fagbrev på jobb innanfor dei gjeldande budsjetttrammene må synleggjerast og ulike alternativ må drøftast.

3. I 2020 har Vestland fylkeskommune sett av monalege midlar til ordninga «Fagbrev på Jobb»: først 10MNOK innanfor ramma i PS 45/20 (fylkesutvalet 23.03.2020) og mellom 10 og 15MNOK i PS 88/20 (fylkesutvalet 28.05.2020). Statsbudsjettet legg også opp til ei ekstraordinær løyving på 4-5MNOK til ordninga i 2021. På tross av dette er Fagbrev på jobb omtalt som ei av årsakene til

meirforbruket og salderingsbehovet i sektoren i 2020, jf. HU OPPKO Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20. Hovedutval for opplæring og kompetanse ber fylkesrådmannen gjere greie for totalforbruket og dei totale løyvingane knytt til «Fagbrev i jobb» i budsjettet for 2020 i eige notat til møtet i fylkesutvalet 26.11.2020. Dette inkluderer kostnader for løpande kontraktar inngått i 2019 og tidligare, samt forventa kostnader for allereie inngåtte kontraktar i 2021 og 2022.»

PS 57/20 Vidareutvikling av samarbeid mellom vidaregåande opplæring, næringsliv og kommunar (VP11 og VP21)

Forslag til innstilling:

Hovudutval for opplæring og helse tek saka til orientering.

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 29.10.2020

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Hovudutval for opplæring og helse tek saka til orientering.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 03.11.2020

Katrine Helland Johannessen, A, sette på vegner av A, MDG, SP, SV Og KrF fram slikt forslag:

- «1. Hovudutval for opplæring og kompetanse er positiv til vidareutvikling av samarbeid mellom vidaregåande opplæring, næringsliv og kommunar. Utvalet viser m.a til Bømloprosjektet, Årdal vg.skule og samarbeidsprosjektet i Nordhordland.
2. Utvalet legg til grunn at ein opprettheld og vidareutviklar etablerte samarbeid, samt etablerar dialog og samarbeid med lokalt og regionalt næringsliv/kommunar ved etablering og oppgradering av arena og areal knytt til utdanningsprogram der dette har utviklingspotensiale. Målet er å styrka kompetanse, trygga arbeidslivstilknytning og arbeidslivserfaring for elev.
3. Utvalet viser til verbalpunkt, VP 11 og ber om at det vert lagt fram ei sak som viser korleis vidareutvikling av samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringsliv kan gjerast. Saka vert også lagt fram for hovudutvalg for næring.
4. Utvalet ber om ei løypemelding i løpet av november 2021 om utvikling og etablering av samarbeid omtala i punkt 2.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk inga røyster og fall.

Johannessen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse er positiv til vidareutvikling av samarbeid mellom vidaregåande opplæring, næringsliv og kommunar. Utvalet viser m.a til Bømloprosjektet, Årdal vg.skule og samarbeidsprosjektet i Nordhordland.
2. Utvalet legg til grunn at ein opprettheld og vidareutviklar etablerte samarbeid, samt etablerar dialog og samarbeid med lokalt og regionalt næringsliv/kommunar ved etablering og oppgradering av arena og areal knytt til utdanningsprogram der dette har utviklingspotensiale. Målet er å styrka kompetanse, trygga arbeidslivstilknytning og arbeidslivserfaring for elev.

3. Utvalet viser til verbalpunkt, VP 11 og ber om at det vert lagt fram ei sak som viser korleis vidareutvikling av samarbeid om utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringsliv kan gjerast. Saka vert også lagt fram for hovudutvalg for næring.

4. Utvalet ber om ei løypemelding i løpet av november 2021 om utvikling og etablering av samarbeid omtala i punkt 2.»

PS 58/20 Sluttrapport for samarbeidsprosjektet i Nordhordland

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tar sluttrapporten for samarbeidsprosjektet i Nordhordland til orientering.
2. Konklusjonane og vurderingane i sluttrapporten blir nytta i det vidare utviklingsarbeidet

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 29.10.2020

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Fylkestinget tar sluttrapporten for samarbeidsprosjektet i Nordhordland til orientering.
2. Konklusjonane og vurderingane i sluttrapporten blir nytta i det vidare utviklingsarbeidet.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 03.11.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tar sluttrapporten for samarbeidsprosjektet i Nordhordland til orientering.
2. Konklusjonane og vurderingane i sluttrapporten blir nytta i det vidare utviklingsarbeidet